



# FYLKESMANNEN I ROGALAND

Helse- og sosialavdelinga

Vår ref.: 2010/6279  
Arkivnr.: 620

Dykkar ref.:  
Vår dato: 02.09.2010

Det Kongelige Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet  
Postboks 8036 Dep  
0030 Oslo

BARNE-, LIKESTILLINGS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET
Arkivnr.: 411.2
Dato: 20.09.10
Saksnr: 2010/02804-055

## Høyring til forslag om forskrifter til sentre for foreldre og barn

Fylkesmannen viser til høyringsbrev om forskrifter til sentre for foreldre og barn den 07.06.2010.

Fylkesmannen sluttar seg til departementet sitt forslag med desse kommentarane:

Våre erfaringar frå tilsyn dei siste åra på eit foreldre og barn senter er ikkje heilt i tråd med det som departementet skriv om at forelda i hovudsak er vaksne. Vi har vore på tilsynsbesøk to gongar pr. år, og det er til ein kvar tid foreldre på senteret som er under 18 år. Som oftast er det mødre som sjølv er under omsorg av barnevernet etter § 4-12. Desse mødrene har som regel ikkje ein fosterheim eller annan omsorgsbasis i tillegg. Etter vår meining må departementet difor vurdere om den forskrifta som no vert foreslått ivaretek desse foreldra sine rettar. Fylkesmannen er også undrande til departementet sin uttale om at vedtak om omsorgsovertaking for den mindreårige forelderens kan opphevast og verte erstatta av hjelpetiltak for at opphald på senteret skal vere tjeneleg. Det er slik Fylkesmannen ser det, den mindreårige forelderens eigen omsorgssituasjon som må vere avgjerande og ikkje den situasjonen at dei sjølv er blitt foreldre.

Vi har og ein merknad til § 24 i forskrifta. Det er ikkje tilstrekkeleg at Fylkesmannen skal informere om tilsynsmyndigheita sine oppgåver når tilsynet skal gjennomførast kvart anna år og utan krav til samtalar med bebuarane. Institusjonen må sikre at bebuarane får informasjon om rolla som tilsynet har, gjennom internkontrollsystemet sitt.

Med helsing

Pål Iden  
Avdelingsdirektør

Gunn Nylend  
Rådgivar/barnevernpedagog

Saksbehandlar: Gunn Nylend  
Saksbehandlars telefon: 51 56 88 58  
E-post: [gunn.nylend@fmro.no](mailto:gunn.nylend@fmro.no)

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59	Lagårdsv. 78	51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
4001 Stavanger	Stavanger	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
		51568811	<a href="http://www.fylkesmannen.no/rogaland">www.fylkesmannen.no/rogaland</a>	4001 Stavanger	51568811